

Manger Grunneigarlag
v/Arnfinn Halland
Solendvegen 62
5936 Manger
halland@bgnett.no

Halland, 26.07.2022

Alver kommune
Planforvaltning
Postboks 4
5906 Frekhaug

**DETALJREGULERING FOR SNEKKEVIKA – OFFENTLEG ETTERSYN OG HØYRING.
MERKNADER TIL PLANFORSLAGET.**

Manger Grunneigarlag vart stifta for 70 år sidan, har 150 medlemmer og omfattar såleis så godt som alle eigedomar med areal på 20 dekar og meir i det området som tidlegare var Manger kommune.

Laget si primære oppgåve var og er å ivareta grunneigarane sine interesser vedkomande jakt og ferskvatn-fiske, men kan også gå inn i andre saksområde i samsvar med årsmøte-vedtak.


Kjeseth-tjørna er ei av dei tjørnane/vatna som ligg inn under grunneigarlaget sitt interesse-område.

Ein ser no at den utbyggings-planen som Sijoni Invest har lagt fram for Snekkevika-området medfører inngrep som grunneigarlaget ser som høgst uheldige:

1. Bekken frå Vassdalen er heilt vesentleg som gytebekk for ørreten i Kjeseth-tjørna. Den utbetringa som planen legg opp til vedkomande den private vegen langs bekken, vil vanskeleg kunna gjerast utan at et vert til skade for bekken som gytebekk.
2. Også den øverste delen av elva ut av Kjeseth-tjørna, mot sjøen, er gyteområde for fisken i tjørna. Planen legg opp til å byggja ein ny veg over dette området. Skade-potensialet er også her uakseptabelt stort.

Om denne nye vegen er det elles å seia at den vil medføra så mykje sprenging at det vert eit natur-inngrep av ein karakter som ein i slik samanheng som her bør vera spart for i våre dagar. Ikkje minst fordi det frå Haugstad kan førast fram veg som kan leggjast langt meir skånsamt i terrenget, og som samstundes gjer at ein unngår dei ulempene som sterkt auka trafikk medfører for det etablerte båtlaget.

Venleg helsing



lagleiar